

Godt fornøgd med praksisordning for tømrarelevar.

05.05.2016



Byggmester Monsen og Bjørge AS er svært godt fornøgd med den nye praksisordninga.

Bygningsfirmaet Byggmester Monsen og Bjørge AS - BMB, som vart starta av uskedelingen Ole Vidar Monsen saman med Joakim Bjørge frå Seimsfoss i august i fjor, kan sjå tilbake på god aktivitet i den tida dei har drive. Siste 3 vekene har dei hatt med seg to tømrarelevar frå KVV, og dei er svært godt nøgd med denne ordninga.

Dei to flinke tømrar-elevane går siste trinn på byggfaglinna på Kvinnherad vidaregåande skule (KKV). Dermed skal dei ut i lære til hausten. Elevane på dette trinnet får tre veker ute i praksis om hausten og tre veker om våren. Dei er då hos ein vagfri bedrift. Dette er noko som både den einskilde elev, skulen og bedrifta er tent med, og det gjer at overgangen fra skulebenken til arbeidslivet vert noko mjukare.

Ole Vidar og Joakim i BMB er veldig tilfreds med ordninga.

- Det er ikkje til å putta under ein stol at skal byggenæringa ha ei bærekraftig framtid med solid faglært arbeidskraft, så er fokus på rekruttering ein særdeles viktig jobb, seier dei og legg til at denne jobben ikkje berre ligg i skulevesenet, men også hos den einskilde bedrift. Derfor tar Byggmester Monsen og Bjørge AS svært godt mot denne nye ordninga.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Byggmester Monsen og Bjørge.